

Plan ID: 20210001

Arkivsak ID:1879

Ulsteinvik, 21.06.2020

Merknadsskjema

Detaljregulering – Hyttefelt på Alme - Planendring

Plan- og bygningsloven (PBL) §12-3 og §12-8

Avsender	Hovudpunkt i merknad/uttale	Kommentar
<p>Bergen Sjøfartsmuseum 29.03.21</p>	<p>1. <u>Kulturminne</u> Kjenner ikkje til kulturminne innanfor planområdet som kan bli råka av reguleringa. Gjer merksam på at tiltakshavar pliktar å gje melding til museet dersom ein under arbeid i sjøområda finn marine kulturminne.</p>	<p>Krav om meldeplikt ved funn av kulturminne er teke med i føresegnene i §2d «fellesføresegner».</p>
<p>Direktoratet for mineralforvaltning 06.01.21</p>	<p>1. <u>Uttak av masser</u> Viser til at det ligg føre planar om uttak av massar for å anlegge molo. Er generelt positive til lokalt uttak for å minimere transport. Minner om at minerallova gjeld for uttak av mineralske forekomstar.</p>	<p>Teke til vitande.</p>

	<p>For å avklare om tiltaket fell inn under minerallova ber dei om at plandokumenta gjev greie for formålet med uttaket, uttaksområdet, antatt volum og tidsperspektiv. Dei anbefaler også ei vurdering av om massane er eigna til utfyllingsforemålet.</p> <p>2. <u>Melde- og konsesjonsplikt</u> Minner om melde- og konsesjonsplikt dersom uttaket kjem inn under minerallova:</p> <ul style="list-style-type: none"> • For samla uttak over 500 m3 gjeld meldeplikt til DMF, jf. minerallova § 42. • Samla uttak på meir enn 10 000 m3 masse, samt kvart eit uttak av naturstein, krev konsesjon før drift kan starte, jf. minerallova § 43. 	<p>Det er i samband med gjeldande plan gjort ei anleggsteknisk vurdering massevurdering av B. Tarberg (vedlegg V15). Sjå også planomtalen pkt. 5.9 kva gjeld steinmasser. Nærare avklaring kring uttaksområde, volum og tidsperspektiv vil gjerast i samband med byggesøknad. Ein vil då også vurdere om tiltaket kjem inn under minerallova.</p> <p>Krav om meldeplikt dersom samla uttak er over 500m3 er teke inn i fellesføresegnene §2e.</p>
<p>Kystverket 29.03.21</p>	<p>1. <u>Oppstartsmelding</u> Ingen spesiell merknad.</p> <p>2. <u>Lov om havner og farvann</u> Gjer merksam på at tiltak og etableringar i eller i nærleiken av sjø krev eigne løyver etter Havne- og farvasslova §14. Dette gjeld også området for kombinert byggje- og anleggsområde vist som molo.</p> <p>3. <u>Planverktøy</u> Rår til at ein nyttar Kystinfo for å finne oppdaterte, sjørelaterte opplysningar.</p>	<p>-</p> <p>Teke til vitande. Krav om løyve etter Havne- og farvasslova er teke inn i fellesføresegnene §2f. Løyve etter Havne- og farvasslova vert i følgje Hareid kommune ein del av byggesak.</p> <p>Teke til vitande.</p>

	<p>4. <u>Generelle nasjonale bindingar</u> Påpeikar at reguleringa må innrette seg til grenseflate mot sjø i Statlege planretningslinjer for forvaltning av strandsona langs sjøen.</p> <p>5. <u>Konsekvensar</u> Påpeikar at tiltak i eller nær sjø kan få følgjer for sikring og framkome i farvatnet.</p> <p>6. <u>Natur- og miljøvern</u> Meiner det i samband med planarbeidet bør utarbeidast ein fagrapport der ein omtalar og vurderer naturverdiar og mangfald.</p> <p>7. <u>ROS</u> I planarbeidet må det vurderast behov for ROS-vurderingar knytt til ulykker/uhell i tilstøytande sjøområder, herunder risikovurdering i tilknytning til framtidig stormflo. Det må setjast krav i plan og føresegner.</p> <p>8. <u>Navigasjonsinnretningar</u> Det er ingen navigasjonsinnretningar innanfor plangrensa</p> <p>9. <u>Ankring-, opplag og riggområder</u> Det er ikkje registrert slike områder innanfor plangrensa.</p> <p>10. <u>Planføresegner</u> Byggegrense langs sjø- og vassdrag skal markerast med juridisk linje. Unntak frå 100-meters regelen</p>	<p>Teke til vitande.</p> <p>Teke til vitande.</p> <p>Dette er sjekka ut i opprinneleg plan. Vi anser dette for å vere tilstrekkeleg. Sjå også omtale i planomtalen.</p> <p>Det er i planen lagt inn omsynssone for stormflo (H320) for 200-års stormflo, 2090. Det visast også til føresegnene §4.4 som set krav til høgdeplassering over sjø.</p> <p>Teke til vitande.</p> <p>Teke til vitande.</p> <p>Teke til vitande. Byggegrense er vist i plan.</p>
--	--	---

	må gjerast med bruk av byggegrense vedteken gjennom handsaming av planen. I motsett fall vil byggeforbodet i lovreglane gjelde.	
Landbrukskontoret Herøy – Ulstein – Hareid 30.03.21	Ingen merknad.	-
Møre og Romsdal fylkeskommune 16.04.21	Ingen merknad.	-
NVE 15.04.21	<p>1. <u>Skredfarevurdering</u> Ber om at det vert gjort vurdering av om det er nye aktsomheitskart som gjer at skredfarevurderinga bør reviderast. Anmoder til bruk av ny rettleiar for kartlegging av skredfare i bratt terreng.</p> <p>2. <u>Klimaendringar</u> Det må takast omsyn til forventa klimaendringar.</p> <p>3. <u>Overvatn</u> Ber om at det vert vurdert konkrete krav til lokal dryging av vatn.</p>	<p>Kan ikkje sjå at det er gjort endringar som medfører endring av vurderingar gjort i samband med gjeldande plan. Det visast til vurderingar i planomtalen.</p> <p>Teke til vitande.</p> <p>Det visast til §10.3 i føresegnene der det er stilt krav om godkjent teknisk for heile området før utbygging tek til.</p>
Statens vegvesen 14.04.21	<p>1. <u>Arealbruk</u> Ser positivt på reduserte tomtestørrelser.</p> <p>2. <u>Vegsystem og trafiksikkerhet</u> - Er i stor grad positive til endring av vege/trasèer.</p>	<p>Teke til vitande.</p> <p>-</p>

	<ul style="list-style-type: none"> - Vertikalprofiler er bare delvis lesbare for strekning nær hovedveg, ber om at dette tydeliggjøres til offentlig ettersyn. - Minner om at fartsendring skal behandles etter vegtrafikkloven. - Meiner at det mest truleg også må supplerast med fartsreduserande tiltak, noko som må behandlast i eigen prosess. 3. <u>Kartografi</u> Mener fri sikt må framgå av målsatt plankart og planens bestemmelser. 	<p>Det visast til planomtalen der det er lagt inn standardkrav til avkøyrslar. Det visast også til §10.3 i føresegnene der det er stilt krav om godkjent teknisk for heile området før utbygging tek til.</p> <p>Det er dialog med Hareid kommune kva gjeld fartsgrensa i området. Vegkart viser fartsgrense 30 km/t registrert på vegen forbi området, men kommunen kan ikkje finne dokumentasjon på dette. Kommunen anbefalar å starte prosessen med å nedjustere fartsgrensa iht. Vegtrafikklova, noko som vil bli gjort.</p> <p>Ein vurderer det til ikkje å vere nødvendig med fartsregulerande tiltak i tillegg til redusert fartsgrense. Dette på grunn av svært lav trafikkmengde og at tiltaket er i nærleiken av endeveg. Vegen sin beskaffenheit og bredde tilseier heller ikkje høg fart.</p> <p>Påskrift i plankart vert påsett i tråd med krav i departementet sin rettleiar til reguleringsplanlegging, og krav til frisikt er sett i føresegnene §9.1.</p>
<p>Statsforvaltaren i Møre og Romsdal 16.04.21</p>	<ol style="list-style-type: none"> 1. <u>Illustrasjon av utbygd område</u> Ber om at det vert utarbeidd realistiske illustrasjonar til offentlig ettersyn. 2. <u>Geologirapport</u> Ber om at rapport vert lagt ved til offentlig ettersyn. 	<p>Det er utarbeidd illustrasjonar med same detaljeringsnivå som det som vart utarbeidd i samband med gjeldande plan, sjå planbeskrivelsen.</p> <p>Geologirapport er vedlagt, sjå vedlegg V13.</p>

Øystein Alme

13.04.21

1. Gangrås «Halvarvegen»

Viser til tidlegare innsendt merknad kva gjeld gangrås «Halvarvegen» som ikkje syner kartet. Råsa er i dag skilta som tursti. Bed om at dette vert endra slik at turråsa kan behaldast som i dag.



Skisse som viser rås som var vedlagt merknad til gjeldande plan 24.10.15.

1. Trafikkauke

Er uroa over trafikkauke, og meiner det bør gjerast nødvendige tiltak forbi alle gardstun.

Stien er registrert i kommunen sitt grunnkart. I forslag til plankart ligg den innanfor område f_GTD1 som er regulert til turdrag, og den vil såleis ikkje bli berørt av planlagde tiltak.

Krav om at gangrås «Halvarvegen» skal ligge uendra er i tillegg teke inn i føresegnene §6.1. Råsa er også beskrive i planomtalen.

Tiltaket vil slik det påpeikast medføre trafikkauke, spesielt i sesong. Slik det kjem fram av føresegnene er det lagt til grunn at fartsgrensa endrast til 30 km/t. Tilrettelegging for fritidsbustader er for øvrig i tråd med gjeldande KDP og gjeldande regulering.